

Kjernekraft

Atom blir delte i to.
Då kjem det gneiste.
Vatn blir varma opp.
Dampen får turbinen til å snurre.
Då blir det straum.

ATOM

BLIR DELTE I TO

GNEISTE

KOKER VATN


DAMP

TURBIN

SNURRAR

STRAUM





Kjernekraft


I eit kjernekraftverk blir atoma delte opp i mindre bitar i stoffet uran. Når eit atom blir delt, blir det veldig varmt!

Varmen koker vatn, og då kjem det varm damp.

Dampen blir send gjennom nokre store maskiner som blir kalla turbinar. Turbinane snurrar veldig fort rundt når dampen treffer dei. Når turbinane snurrar, lagar dei straum.

Kjernekraftverk lagar mykje straum, men vi må også vere forsiktige fordi stoffa dei brukar til å lage varme, kan vere farlege viss dei ikkje blir passa godt på.

[Sjå video](#)



Kjernekraft

I eit kjernekraftverk lagar dei veldig mykje straum. Dei bruker stoffa uran eller plutonium for å gjere dette.

Med kjernekraft treng ein berre små mengder av desse stoffa for å hente ut veldig mykje energi. Når dei behandlar desse stoffa på ein spesiell måte, får ein ut kerneenergien frå dei.

Uran og plutonium blir behandla i noko som blir kalla ein reaktor. Når dei blir behandla, blir atoma delte opp i mindre bitar. Dette blir kalla fisjon. Når dette skjer, blir det veldig varmt!


Den varmen blir brukt til å koke vatn og lage ein kraftig, varm damp. Dampen går gjennom nokre store maskiner som blir kalla turbinar. Turbinane snurrar veldig fort rundt når dampen treffer dei. Og når turbinane snurrar, lagar dei straum i ein generator!

Denne straumen blir deretter send ut til hus og andre stader, slik at vi kan bruke han til å lyse opp romma våre, sjå på TV, lade telefonane våre og mykje meir! Det kjem ikkje CO₂ eller andre klimagassar frå kjernekraft.

Kjernekraftverk lagar mykje straum, men vi må også vere forsiktige, fordi stoffa kan vere farlege viss dei ikkje blir passa godt på. Derfor er det mange smarte menneske og tryggingssystem som passar på at alt fungerer bra.

Søppelet frå kerneenergiproduksjon er farleg i mange tusen år og må plasserast unna folk og natur, i trygge gruver. Det har skjedd ulykker i atomkraftverk som har sleppt ut mykje farleg radioaktiv stråling. Moderne anlegg blir rekna som veldig sikre.

[Sjå video](#)



Kjernekraft

Oppgåveark til leseteksten om kjernekraft

1) Forklar med dine egne ord kva som skjer i eit kjernekraftverk.



2) Kva er det som driv turbinane i eit kjernekraftverk rundt?



3) Kva er det som driv turbinane i eit vasskraftverk rundt?



4) Kva er fordelane med eit kjernekraftverk?



5) Kva er ulempene med eit kjernekraftverk?

